

Goddo Grendalag

Utgåve nummer 2 Juni 2024

Her kommer litt frisk informasjon frå Goddo Grendalag.



Grendatunet Erevik

Det er nå montert Yale Doorman på begge dørene på Grendatunet, noko som betyr at du må ha kode for å komme deg inn på Grendatunet. Dei som trenger kode må sende ein SMS med namn til **401 79 519** og du vil få tildelt ein kode som blir registrert på deg.

For å opne døra:

Trykk 6-sifret kode og avslutt med lås opp knappen (knapp med blå runding rundt)

OBS: Du har berre tre forsøk på å låse opp, så vis du gløymer koden, prøv å finn koden din ikkje berre trykk på måfå 😊

Me kan sjølvsagt hjelpe med å få opp døra, men det er ikkje sikkert me er tilgjengeleg til ei kvar tid.

Når du bruker nøkkelbrikken som ligg i nøkkelboksen så må du gi døra eit lite puff før du tar brikken på låsen. Nøkkelboksen som er på utsida av døra, vil bli fjernet i løpet av sommaren.

Ved utleige vil leigetakar få ein kode som er tidsgrensa til perioden dei leiger huset.

Helsing

Styret